



Møte i Oppvekstforum

De vert med dette inviterte til møte i Oppvekstforum tysdag 17.10.17 kl 09.00 – 12.30. Møte vert i Dampen i Knarvik.

Tema for møtet byggjer på punkt 2.0 i Kvalitetsplan under innsatsområde
Trivsel, deltaking og medverknad – å høyra til

Målsetjing:

- *Barn, unge og føresette trivst og er inkludert i fellesskapet og deltar i barnehage, skule og på fritida*
- *Nulltoleranse for krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering*
- *Førebyggjande miljøarbeid må ha eit sterkt fokus i alle foreldregrupper, rådsorgan i barnehage og skule, samt i kommunalt foreldreutval. Barn og unge si stemme skal koma tydeleg fram i førebyggjande arbeid og i innskildsaker, og elevråd og ungdomsrådet skal vere aktive bidragsytarar i arbeidet. Kommunalt foreldreutval vil kunne vera ein drivkraft i dette arbeidet. For å lukkast i arbeidet mot mobbing, treng vi systematisk arbeid i alle ledd, og tett samarbeid med føresette undervegs. PPT gir rettleiing til barnehagar og skular med omsyn til dette, i tillegg til at ein i Stab oppvekst har eit overordna ansvar for å koordinera det førebyggjande arbeidet i kommunen.*

Tiltak: *Etablera møteplass for førebyggjande arbeid under Oppvekst*

Resultat: *Auka oppleving av å høyra til i fellesskapet – barnehage, skule og nærmiljø*

Me planlegg dagen slik:

- 09.00: Ingrid Lund føreles over temaet utestenging og mobbing.
- Dei unge sin stemme!
- Tid til refleksjon over temaet, kva betyr dette for meg?
- 11.30: Lunsj

Vel møtt!

Helsing Kari og Astrid

